



MØTEBOK

Møte: 3-2022
Møtedato: Onsdag 19.5.2022
Møtestad: Viefluno
Tid: 18.00

Desse møte:

John Olav Habbestad, Elisabeth Bjørnevik, Trygve Totland, Hans Otto Robberstad, Asbjørn Gundersen, Åse Innvær og Trygve Leigland.

Desse var ikkje på møtet og det lukkast heller ikkje å få inn vara på så kort varsel:
Odd Ingvar Nilssen, Elin Taranger, Camilla Rubach og Heidi Vold Ådnanes.

John Olav Habbestad leia møtet.

2022-03-01 SAK OM TILRETTELEGGING AV ENDRA ARBEIDSSTAD FOR KYRKJEVERJA

Saka vart drøfta ut frå mail sendte frå kyrkjeverja.

I mailen vart følgjande føreslått som punkt til løysing:

- Ei mogleg 50-50 deling på kyrkjeverjestillinga mellom kyrkjeverje og konsulent, og ei 50-50 deling på konsulentstillinga. På denne måten vil dagens konsulent fungere som personalkontakt/leiar lokalt, men kyrkjeverje i Olden sitje med det overordna ansvaret.
- Kyrkjeverje vil reise til Bømlo for gjennomføring av fellesrådsmøter, og vil i disse samanhengane også kunne gjennomføre personaloppfølging, prosjektsynfaring og anna «feltarbeid».
- Konsulent vil bistå med «feltoppfølgjing» gjennom bilete og video, medan kyrkjeverje sit med overordna ansvar.
- Teams vil brukast som verktøy for kontinuerleg og viktig informasjonsflyt.

Vidare saksgong vart lagt:

- Fellesrådet ynskjer ein formell søknad frå kyrkjeverje om endre arbeidsstad.
- Fellesrådsleiar drøftar saka med dei tilsette før endeleg behandling av saka.

John Olav Habbestad
leiar

Trygve Leigland
kyrkjeverje